



Møre og Romsdal fylke



Lanbruksdepartementet
Postboks 8007, Dep
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 3044	Doknr.: 187
Mottatt: 25 MAR 2004 ASR/WR	
Saksbeh.: IAA	Ark: 487
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref.:
200303044

Dykkar dato:

Vår ref.:

FM2003/14472/AUDR/530

Vår saksbehandlar:

Aud O. Lindset Drågen, 71258131

Vår dato:

24.03.2004

Ny lov om skogbruk - høring

Vi viser til kontakt med landbruksdepartementet der Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal fekk utsett frist for å kome med uttale til ny lov om skogbruk til veke 13.

Vedlagt sender vi uttalen frå det ovannemnde fylkeslandbruksstyret.

Med helsing

Aud Lindset Drågen
Konsulent

Vedlegg: Utskrift av sakliste 0011/04 i Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal, Ny lov om skogbruk - høring

MØTEBOK

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal.

Møtedato: 22/03/2004

Saklistenr: 0011

Saknummer: 159904 00004 SKO

Saksutgreiing:

Ny lov om skogbruk – høring.

Landbruksdepartementet har sendt ut forslag til ny Skogbrukslov til høyring. Lova skal erstatte tidlegare lov frå 21. mai 1965.

Ei ny lov om skogbruket blei varsla i St.meld. nr 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren (Skogmeldinga). Stortinget behandla Skogmeldinga våren 1999. Under handsaminga var næringskomiteen i Stortinget samd med Regjeringa i at dei skogpolitiske utfordringane kravde eit moderne og funksjonelt juridisk rammeverk, at det burde utarbeidast ei ny skoglov og at ei ny skogbrukslov måtte bli ei næringslov der prinsippet om fridom under ansvar blei oppretthalde. Næringskomiteen slutta seg også til Regjeringa sitt syn om at det var mogleg og ønskeleg å auke avverkinga. Vidare sa komiteen at skogeigarane sitt ansvar for å forvalte eigne skogressursar og å ta omsyn til miljøverdiar skulle stå sentralt i ei ny skoglov.

Gjennom snart 100 år har norsk skogbruk hatt som målsetting å bygge opp skogressursane etter at landsskogtakseringa på 1920 - talet avdekte at ressursane var i dårleg forfatning. Den langsiktige ressursoppbygginga som har skjedd sidan, gjer at skogbruket i dag har ein stor grad av handlefridom der ressursutnytting og verdiskaping kan aukast monaleg samstundes som omsynet til skogen sine øvrige funksjonar kan takast vare på. Skogbruk og trebasert industri er framleis ei svært viktig landbasert næring. Norsk skogbruk har potensiale som gjer at det kan forsyne den norske skogindustrien med det tømmeret industrien treng utan import av trevirke. Samstundes med ressursoppbygginga, har økonomien i skogbruket utvikla seg negativt over lengre tid. På mange eigedomar er inntekta frå skogen ikkje så viktig som den ein gong var. Berre eit lite tal skogeigarar har no skogen som einaste inntekt. Den yrkesaktive skogeigar som rekna tømmerprisen som nettoinntekt, er på veg ut av skogen. Skogressursane i tidlegare skogsvake område er i sterk auke, og nye eigargrupper er på veg inn der miljø og tradisjonar frå eit aktivt skogbruk er svakt.

Utviklinga har ført til sterkt redusert aktivitet i norsk skogbruk. Å snu ein slik trend er ei av utfordringane som skoglova bør ta inn over seg og ta omsyn til. Verdiskapinga frå skogbruk og trebasert industri kan aukast monaleg med råstoff frå norske skogar utan reduksjon av viktige miljø- og naturkvalitetar.

Landbruksdirektøren sine merknader til dei ulike paragrafane i lovframlegget.

§ 1. Formålet med lova

Stortinget sin føresetnad for lovarbeidet var at lova skulle være ein næringslov. Skogloven skal fremme, samstundes som all næringsaktivitet plikter til å ta omsyn til biologisk mangfald osv. Møre og Romsdal fylke meiner at dette må komme tydlegare fram i formålsparagrafen..

§ 5 Skogregistrering og skogbruksplan

I siste avsnitt legg lovteksten opp til at departementet kan utarbeide forskrift med m.a. krav til innhaldet i planen og føresegner om korleis data som vert samla inn skal forvaltast. Vi reknar med at ei slik forskrift berre vil gjelde dersom planarbeidet er delfinansiert med offentlege midlar. Dette bør i så fall presiserast i lovteksten.

§ 6. Forynging og stell av skog

Skogbruk er ei langsiktig næring og kan ikkje utan vidare samanliknast med investeringar i andre næringar. Det er derfor viktig at skoglova presiserar at skogeigar har ei plikt til å forynge skog etter hogst.

Vi meiner at første ledd, andre punktum kan være misvisande i høve til det som står i første punktum. Skogeigaren plikter å sjå til at det er samheng mellom hogstform og metode for forynging. Dette støtter vi, men så står det at nødvendig tiltak for å legge til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd. Nødvendig tiltak for å legge til rette for naturleg forynging er mellom anna at det blir sett igjen tilstrekkelig med frøtre i nærleiken. Dette er eit tiltak som ikkje kan setjast i verk etter at hogsten er gjennomført.

Frø- og planteforsyninga bør behandlast i eit eiga avsnitt, gjerne eigen paragraf , der det bør gå fram at departementet skal legge til rette for frø- og planteforsyning. Det bør vidare presiserast at frø- og planteforedling er ei statlig oppgåve. Under arbeidet med forskrift om tilfredsstillande forynging bør det presiserast at minste tal planter per daa fordelt på bonitet skal være etablert forynging, og ikkje tal på utsette planter.

§ 7. Vegbygging i skog

Vegutbygging i skogen skal primært tene næringsmessige omsyn knytt til landbrukseigedomane. Ut frå dette meiner vi at det bør gjerast ei redigering av forslaget slik at dei faglege føresetnader for planlegging og bygging kommer først, deretter reglar om godkjenning frå skogbruksstyresmakt og departementet sitt høve til å gi nærare forskrift.

§ 9. Førebyggande tiltak

Lova legg opp til at det kan bli aktuelt å ta inn eit eige avsnitt om tiltak for å hindre skade av vilt på skog under forynging. Dette bør og gjelde for produksjonsskog. I hovudsak vil dette dreie seg om elg og hjort. Møre og Romsdal fylke vil legge til at skadeomfanget og konsekvensane kanskje er større på allereie etablert skog ved barkskrelling og etterfølgjande roteangrep på standsskog, enn den er på skog under forynging.

I utgangspunktet er forvaltning av elg og hjort delegert ned til lokalt nivå, der grunneigarane i langt større grad skal ta ansvar for eiga viltstamme gjennom utarbeiding av bestandsplanar.

Kommunen kan nekte å godta planen dersom den går på kostnad av andre samfunnsinteresser, og ein for tett viltbestand skal i utgangspunktet kunne bli fanga opp her.

Arealmessig kan ein bestandsplan gå heilt ned mot minstekravet for teljande areal i kommunen. I dag har vi for mange bestandsplanar på for små areal til å kunne si at vi har ein godt fungerande hjorteviltforvaltning. Bestandsplanane er ofte så små i areal at vi ikkje fangar opp hjortestamme og skadeproblema i same plan. Mange kommunar har i tillegg nedprioritert skogfagleg kompetanse. Ein kan dermed frykte at mange bestandsplanar vil bli godkjent i kommunen utan at det er tatt tilstrekkelig omsyn til skadeproblem av ein for tett viltstamme.

§ 11. Meldeplikt.

Vi har ikkje serskilt merknad til innføring av slik føresegn.

Forslaget inneber at melding skal sendast til kommunen seinast 3 veker før tiltaket er tenkt sett i verk og at tiltaket ikkje kan utførast før tilbakemelding frå kommunen er motteke. Det er ikkje sett frist for tilbakemelding frå kommunen. Vi meiner at reglane i forvaltingslova for sakshandsamingstid bør ligge til grunn for kommunen si tilbakemelding etter denne føresegna, og at dette bør kome fram i lova.

§ 14. Innbetaling til skogfond

Skogeigarar i skogreisingsstrok med glisen naturskog og lite hogstmogen skog med stort behov for forynging og ungskogpleie, har slik ordninga er i dag ikkje same høve til å nytte ordninga med skogavgift med skattefordel som skogeigarar i skogstrok. Dette gjer at ordninga med skogfond som viktig verkemiddel i skogpolitikken i desse område vil ha liten betydning. Med bakgrunn i dette gjer vi forslag om at skogeigarar i desse områda med stort investeringsbehov i forynging, ungskogpleie og andre kvalitetsfremjande tiltak, og som samstundes ikkje har moglegheit for oppbygging av skogfond gjennom ordinær fondsoppbygging, får høve til ein direkte innbetaling på skogfondet. På denne måten vil dei få same skattemessige fordel som skogeigarar i meir tradisjonelle skogstrok.

Forslaget fastlegg i 2. ledd at skogeigarar skal setje av middel til skogfondet også for bruk av virke til å dekkje eige behov i samband med verksemd som gjeld jord og skog. Dette er ei utviding av avgiftsplikta i høve til gjeldande reglar. Vi er redde for at denne utvidinga vil bli sers vanskeleg å gjennomføre og halde kontroll med.

§ 15 Bruk av skogfondet

Etter lovforslaget skal midlane frå skogfondet i første rekke brukast til å fremme skogkultur, skogbruksplanlegging, skogproduksjon og tiltak for å sikre miljøkvalitetar. For å gi grunnlag for rasjonell drift i område med vanskeleg terreng og beresvak mark, er det framleis ei utfordring å halde fram vegutbygginga i viktige delar av landet. Det som no blir foreslått saman med bortfallet av høve til å nytta skogavgift med skattefordel til bygging av nye skogsvegar, vil gi vanskelegare finansiering og vere eit signal om nedprioritering av vegutbygging i desse deler av landet. Ut frå dette vil vi rå til at bruk av skogfond til vidare utbygging av skogsvegnett framleis skal ha prioritet på line med andre langsiktige investeringar i skogbruket.

§ 19 Tilsyn, kontroll og rapportering

I kommentarane til lovtæksta peiker departementet på at kontrollrutinane knytt til ulike sertifiseringssystem i større grad bør nyttast av kommunane. Vi er samde i dette, men peiker likevel på at offentlig skogforvaltning og private skogeigarorganisasjonar kan ha ulikt syn på langsiktige investeringar. Skogeigarorganisasjonane har eit innteningskrav, og

kan av den grunn ha eit kortsiktig økonomisk perspektiv. Vi har sett klare tendensar til at organisasjonane ønskjer å redusere kostnadene ved etablering av ny skog så mykje at kvaliteten på framtidsskogen kan bli redusert.

På bakgrunn av dette vil det være viktig at offentlig forvaltning har ansvar for kontroll og tilsyn slik lovteksten legg opp til. Vi meiner elles at det er uheldig at ordet skogoppsyn er fjernet frå lovteksten. Oppsynsbegrepet er tatt i bruk også på andre område i offentlig forvaltning t.d. Statens naturoppsyn.

Loven set krav til at skogeigar skal ha kompetanse om skogforhold og miljø på sin eigedom. Det vert imidlertid ikkje sett krav til kommunen som kontrollerande organ. Dette finner vi svært uheldig.

Framlegg til vedtak

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal sluttar seg til merknadene gitt av Landbruksdirektøren til ny lov om skogbruk.

Ole Syltebø
Landbruksdirektør

Harald Nymo
Fylkesskogsjef

Sakshandsamar: Harald Nymo

Representanten Perny Ann Nilsen, Frp, hadde levert slikt forslag til merknader som var oppkopierte og utsendt til fylkeslandbruksstyret sine medlemmar:

”§ 1 Lova tonar ned næringsvida av skogbruket, og fremmar i staden dei mjuke sidene ved skogen, altså miljøaspektet. Ei meget uheldig vinkling ut ifrå eit skogbruksfagleg syn. Dette vil utan tvil svekke næringsinteressene i skogbruket. Ei slik formulering kan føre til at skogeigaren må påvise at alle andre interesser og verdiar er tekne vare på før skogen kan nyttast som økonomisk ressurs.

Formålet med lova skal vel fortsatt vere å fremme skogproduksjon. Og at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel skal gje eit tilfredstillande resultat, både for dei som utøver næringa, og at det skal sikre effektiv og jamn råstofftilførsel til industrien.

§ 3 Kommunane skal vere skogbruksstyresmakt i første instants. Største delen av lovsakene er altså delegert til kommunane for avgjerdsle. Dette vil føre til større ansvar og arbeidsmengde, og krav til fagleg kompetanse til sakshandsamarane i kommunane. Auka lokal handlingsfridom vil dermed føre til skjerpa krav til det kommunale fagapparatet. Dette verkar rart når kompetansekravet no er fjerna, og ein vil nok i enkelte kommunar oppleve at det vert problem med å leve opp til forventningane.

§ 4 kan sjåast som eit skjult fredningsvedtak med heimel i skoglova, der det offentlege kan gå inn og verne/frede skogområde utan å få økonomiske forpliktelsar ved båndlegginga. Dette bør fjernast. Poenget må være at dersom det offentlege vil verne eit område til bruk for allmenta, skal dette kompenseras overfor eigaren.

§ 11 At det skal vere meldeplikt for hogst og alle tiltak knytt til fornying og stell av skog vil skape eindå meir byråkrati. § seier at meldinga skal sendast til kommunen seinast 3 – tre – veker før tiltak vert satt i verk, og tilbakemelding frå kommunen skal vere motteke før tiltaket vert utført. Brudd på denne og også andre §§ i lova kan mellom anna føre til bøter eller fengsel i inntil 1 – eitt – år. Dette i tider då folk flest, politikarar og byråkratar snakkar høgt om at kulturlandskapet gror att.

Desse forslaga er derfor sterkt urovekkande og bør vurderast på nytt for nettopp å fremme både skogbruket her i landet, og at kulturlandskapet vert tatt i vare.”

Representanten Anne Jorunn Hammerø Hatle la fram forslag om eit tillegg til uttalen frå administrasjonen til § 11. Ho foreslo at merknaden til § 11 skulle lyde slik:

”§ 11. Meldeplikt.

Vi har ikkje serskilt merknad til innføring av føresegner, men vi vil likevel presisere at ein i tilfelle innføring av meldeplikt, ikkje må stille for strenge krav til meldeplikta, og at det blir lagt stor vekt på rollen som rådgjevar. Forslaget inneber at melding skal sendast til kommunen senast 3 veker før tiltaket er tenkt sett i verk og at tiltaket ikkje kan utførast før tilbakemelding frå kommunen er motteke. Det er ikkje sett frist for tilbakemelding frå kommunen. Vi meiner at reglane i forvaltningslova for sakshandsamingstid bør ligge til grunn for kommunen si tilbakemelding etter denne føresegna, og at dette bør kome fram i lova.”

Etter å ha diskutert dei einskilde forslaga trekte Perny Ann Nilsen forslaget til uttale vedkomande § 1 og § 11.

Fylkeslandbruksstyret røysta så over forlaget frå Anne Jorunn Hammerø Hatle om å ta inn eit tillegg i uttalen vedkomande § 11. Ved alternativ avrøysting røysta alle medlemmane for å ta inn i uttalen forslaget frå Hatle.

Ved avrøysting om forslaget til merknad vedkomande § 3 frå Perny Ann Nilsen røysta Bratland, Nilsen og Nakken for forslaget frå Nilsen. Holm, Hammerø Hatle, Walderhaug og Dahle røysta mot.

Ved avrøysting om forslaget til merknad vedkomande § 4 røysta seks representantar (Holm, Nilsen, Walderhaug, Bratland, Nakken og Hammerø Hatle for å ta inn forslaget frå Nilsen). Dahle røysta mot.

Til slutt røysta heile styret for alle merknadene frå administrasjonen med vedtekne tillegg.

FYLKESLANDBRUKSSTYRET SIN UTTALE:

§ 1. Formålet med lova

Stortinget sin føresetnad for lovarbeidet var at lova skulle være ein næringslov. Skogloven skal fremme, samstundes som all næringsaktivitet plikter til å ta omsyn til biologisk mangfald osv. Møre og Romsdal fylke meiner at dette må komme tydlegare fram i formålsparagrafen.

§ 4. Skogeigar sitt forvaltaransvar

§ 4 kan sjåast som eit skjult fredningsvedtak med heimel i skoglova, der det offentlege kan gå inn og verne/frede skogområde utan å få økonomiske forpliktelsar ved båndlegginga. Dette bør fjernast. Poenget må være at dersom det offentlege vil verne eit område til bruk for allmenta, skal dette kompenseras overfor eigaren.

§ 5 Skogregistrering og skogbruksplan

I siste avsnitt legg lovteksten opp til at departementet kan utarbeide forskrift med m.a. krav til innhaldet i planen og føresegner om korleis data som vert samla inn skal forvaltast. Vi reknar med at ei slik forskrift berre vil gjelde dersom planarbeidet er delfinansiert med offentlege midlar. Dette bør i så fall presiserast i lovteksten.

§ 6. Forynging og stell av skog

Skogbruk er ei langsiktig næring og kan ikkje utan vidare samanliknast med investeringar i andre næringar. Det er derfor viktig at skoglova presiserar at skogeigar har ei plikt til å forynge skog etter hogst.

Vi meiner at første ledd, andre punktum kan være misvisande i høve til det som står i første punktum. Skogeigaren plikter å sjå til at det er samheng mellom hogstform og metode for forynging. Dette støtter vi, men så står det at nødvendig tiltak for å legge til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd. Nødvendig tiltak for å legge til rette for naturleg forynging er mellom anna at det blir sett igjen tilstrekkelig med frøtre i nærleiken. Dette er eit tiltak som ikkje kan setjast i verk etter at hogsten er gjennomført.

Frø- og planteforsyninga bør behandlast i eit eiga avsnitt, gjerne eigen paragraf, der det bør gå fram at departementet skal legge til rette for frø- og planteforsyning. Det bør vidare presiserast at frø- og planteforedling er ei statlig oppgåve. Under arbeidet med forskrift om tilfredsstillande forynging bør det presiserast at minste tal planter per daa fordelt på bonitet skal være etablert forynging, og ikkje tal på utsette planter.

§ 7. Vegbygging i skog

Vegutbygging i skogen skal primært tene næringsmessige omsyn knytt til landbrukseigedomane. Ut frå dette meiner vi at det bør gjerast ei redigering av forslaget slik at dei faglege føresetnader for planlegging og bygging kommer først, deretter reglar om godkjenning frå skogbruksstyresmakt og departementet sitt høve til å gi nærare forskrift

§ 9. Førebyggande tiltak

Lova legg opp til at det kan bli aktuelt å ta inn eit eige avsnitt om tiltak for å hindre skade av vilt på skog under forynging. Dette bør og gjelde for produksjonsskog. I hovudsak vil dette dreie seg om elg og hjort. Møre og Romsdal fylke vil legge til at skadeomfanget og konsekvensane kanskje er større på allereie etablert skog ved barkskrelling og etterfølgjande roteangrep på standsskog, enn den er på skog under forynging.

I utgangspunktet er forvaltning av elg og hjort delegert ned til lokalt nivå, der grunneigarane i langt større grad skal ta ansvar for eiga viltstamme gjennom utarbeiding av bestandsplanar. Kommunen kan nekte å godta planen dersom den går på kostnad av andre samfunnsinteresser, og ein for tett viltbestand skal i utgangspunktet kunne bli fanga opp her.

Arealmessig kan ein bestandsplan gå heilt ned mot minstekravet for teljande areal i kommunen. I dag har vi for mange bestandsplanar på for små areal til å kunne si at vi har ein godt fungerande hjorteviltforvaltning. Bestandsplanane er ofte så små i areal at vi ikkje fangar opp hjortestamme og skadeproblema i same plan. Mange kommunar har i tillegg nedprioritert skogfagleg kompetanse. Ein kan dermed frykte at mange bestandsplanar vil bli godkjent i kommunen utan at det er tatt tilstrekkelig omsyn til skadeproblem av ein for tett viltstamme.

§ 11. Meldeplikt.

Vi har ikkje serskilt merknad til innføring av slik føresegn, men vi vil likevel presisere at ein i tilfelle innføring av meldeplikt, ikkje må stille for strenge krav til meldeplikta, og at det blir lagt stor vekt på rollen som rådgjevar..

Forslaget inneber at melding skal sendast til kommunen seinast 3 veker før tiltaket er tenkt sett i verk og at tiltaket ikkje kan utførast før tilbakemelding frå kommunen er motteke. Det er ikkje sett frist for tilbakemelding frå kommunen. Vi meiner at reglane i forvaltingslova for sakshandsamingstid bør ligge til grunn for kommunen si tilbakemelding etter denne føresegna, og at dette bør kome fram i lova.

§ 14. Innbetaling til skogfond

Skogeigarar i skogreisingsstrok med glisen naturskog og lite hogstmogen skog med stort behov for forynging og ungskogpleie, har slik ordninga er i dag ikkje same høve til å nytte ordninga med skogavgift med skattefordel som skogeigarar i skogstrok. Dette gjer at ordninga med skogfond som viktig verkemiddel i skogpolitikken i desse område vil ha liten betydning. Med bakgrunn i dette gjer vi forslag om at skogeigarar i desse områda med stort investeringsbehov i forynging, ungskogpleie og andre kvalitetsfremjande tiltak, og som samstundes ikkje har moglegheit for oppbygging av skogfond gjennom ordinær fondsoppbygging, får høve til ein direkte innbetaling på skogfondet. På denne måten vil dei få same skattemessige fordel som skogeigarar i meir tradisjonelle skogstrok.

Forslaget fastlegg i 2. ledd at skogeigarar skal setje av middel til skogfondet også for bruk av virke til å dekkje eige behov i samband med verksemd som gjeld jord og skog. Dette er ei utviding av avgiftsplikta i høve til gjeldande reglar. Vi er redde for at denne utvidinga vil bli sers vanskeleg å gjennomføre og halde kontroll med.

§ 15 Bruk av skogfondet

Etter lovforslaget skal midlane frå skogfondet i første rekke brukast til å fremme skogkultur, skogbruksplanlegging, skogproduksjon og tiltak for å sikre miljøkvalitetar. For å gi grunnlag for rasjonell drift i område med vanskeleg terreng og beresvak mark, er det framleis ei utfordring å halde fram vegutbygginga i viktige delar av landet. Det som no blir foreslått saman med bortfallet av høve til å nytta skogavgift med skattefordel til bygging av nye skogsvegar, vil gi vanskelegare finansiering og vere eit signal om nedprioritering av vegutbygging i desse deler av landet. Ut frå dette vil vi rå til at bruk av skogfond til vidare utbygging av skogsvegnettet framleis skal ha prioritet på line med andre langsiktige investeringar i skogbruket

§ 19 Tilsyn, kontroll og rapportering

I kommentarane til lovteksta peiker departementet på at kontrollrutinane knytt til ulike sertifiseringssystem i større grad bør nyttast av kommunane. Vi er samde i dette, men peiker likevel på at offentlig skogforvaltning og private skogeigarorganisasjonar kan ha ulikt syn på langsiktige investeringar. Skogeigarorganisasjonane har eit innteningskrav, og kan av den grunn ha eit kortsiktig økonomisk perspektiv. Vi har sett klare tendensar til at organisasjonane ønskjer å redusere kostnadene ved etablering av ny skog så mykje at kvaliteten på framtidsskogen kan bli redusert.

På bakgrunn av dette vil det være viktig at offentlig forvaltning har ansvar for kontroll og tilsyn slik lovteksten legg opp til. Vi meiner elles at det er uheldig at ordet skogoppsyn er fjernet frå lovteksten. Oppsynsbegrepet er tatt i bruk også på andre område i offentlig forvaltning t.d. Statens naturoppsyn.

Loven set krav til at skogeigar skal ha kompetanse om skogforhold og miljø på sin eigedom. Det vert imidlertid ikkje sett krav til kommunen som kontrollerande organ. Dette finner vi svært uheldig.

Dokument i saka: Høringsbrev frå Landbruksdepartementet av 04.12.03
Forslag til ny Lov om Skogbruk, Notat frå Ld. Dat. 04.12.03

Kopi sendt til:

Landbruksdepartementet
Postboks 8007, Dep

0030 Oslo


RETT UTSKRIFT

FYLKESMANNEN I MØRE OG Romsdal

Landbruksavdelinga

Molde,

23.03.2004



Ole Syltebø
landbruksdirektør